

# Reglar for masteroppgåve ved Det teknisk- naturvitenskapelige fakultet

## Innleiing

Dette skrivet gir reglane for utføring av masteroppgåva ved Det teknisk- naturvitenskaplege fakultet, ref. [«forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger»](#)

Viser i tillegg til skrivet «Vegvisar for bachelor- og masteroppgåva» som gir utfyllande informasjon om reglane, oppstart og gjennomføring av oppgåva.

## Fristar

### Masteroppgåve 30 studiepoeng

- **Innan 1. desember:** studentar søkar på eller registrerer eigne oppgåver i samarbeidsportalen
- **Innan 15. desember:** fakultetet informerer om tildelte oppgåver til studentane
- **Innan 20. januar:** fakultetet sendar ut kontrakt til signering til studentane
- **Innan 1. februar:** student signerer kontrakt via Samarbeidsportalen
- **Innan 1. februar:** frist for eksamensoppmelding
- **1. februar:** oppstart av oppgåveskriving
- **1. april:** frist for å trekke seg frå oppgåva
- **1. mai:** Siste frist for å levere inn "Avtale om båndlegging" ved konfidensielle oppgåver
- **15. juni:** innleveringsfrist
- **Innan 10 veker frå innleveringstidspunkt:** publisering av sensur

### Masteroppgåve 60 studiepoeng

- **Innan 1. mai:** studentar søkar på eller registrerer eigne oppgåver i samarbeidsportalen
- **Innan 15. mai:** fakultetet informerer om tildelte oppgåver til studentane
- **Innan 1. september:** fakultetet sendar ut kontrakt til signering til studentane
- **Innan 1. september:** frist for eksamensoppmelding
- **Innan 15. september:** student signerer kontrakt via Samarbeidsportalen
- **15. september:** oppstart av oppgåveskriving
- **1. november:** frist for å trekke seg frå oppgåva i BIOMAS
- **1. april:** frist for å trekke seg frå oppgåva i MAFMAS
- **1. mai:** Siste frist for å levere inn "Avtale om båndlegging" ved konfidensielle oppgåver
- **15. juni:** innleveringsfrist
- **Innan 10 veker frå innleveringstidspunkt:** publisering av sensur

## Studiepoengkrav for oppstart

### 30 studiepoeng masteroppgåve

Krava for oppstart av oppgåveskriving er at studenten må ha bestått minimum 50 studiepoeng i samsvar med godkjent utdanningsplan, samt ha oppfylt opptakskrava til sitt masterprogrammet, innan 1. november

## Femårig lektorutdanning 8.- 13. trinn realfag

For å starta på masteroppgåva på 30 studiepoeng, må studenten ha bestått minst 230 studiepoeng på masterstudiet, i samsvar med godkjent utdanningsplan innan 1. november.

## 60 studiepoeng masteroppgåve for matematikk og fysikk samt biologisk kjemi

For å starta på masteroppgåva på 60 studiepoeng, må studenten ha bestått minst 40 studiepoeng på det toårige masterstudiet, eller 220 studiepoeng på femårig mastergrad, i samsvar med godkjent utdanningsplan innan 15. august.

## Utfyllande informasjon om oppgåveskriving

Inntil to studentar kan samarbeida om ei masteroppgåve på 30 studiepoeng. Kvar student må signere sin eigen kontrakt, også dei som skriv oppgåva i ei gruppe.

Masteroppgåve på 60 studiepoeng må utførast individuelt.

Ein kandidat har som hovudregel berre eit forsøk på oppgåva. Det kan søkast om eit andre gongs forsøk. Se "forskrift om studier og eksamen ved universitetet i Stavanger" §3-10 punkt 4.

### Utsett innleveringsfrist

Studentar kan søkja om utsett innleveringsfrist ved gyldig fråvær. Se "forskrift om studier og eksamen ved Universitetet i Stavanger" §3-12. Studentar på utveksling som har siste eksamen etter dato for oppstart av oppgåveskriving, kan søkja om utsett innleveringsfrist tilsvarande tid mista.

### Bandlegging av oppgåva

Oppgåva skal som hovudregel vere open, men kan etter søknad bandleggast (utsett publisering) i maksimalt 5 år. Studentar må avklare og eventuelt søke om bandlegging allereie ved oppstart av oppgåva. Siste frist for å sende inn ein slik avtale er 1. mai. Du søker ved å senda "Avtale om bandlegging" saman med ein grunngjeven søknad frå bedrifta på e-post til [post-tn@uis.no](mailto:post-tn@uis.no). Det er berre denne avtalen som skal brukast.

### Oppgåveskriving utanom ordinær periode

Dersom ein har behov for å endre periode for gjennomføring av oppgåveskriving, er det mogleg å søkje om dette ved å sende inn «søknad om endring av utdanningsplan ved UiS» via Digital Studentekspedisjon. Merk at du sjølv er ansvarleg for å finne oppgåve og fagleg ansvarleg

Søknadsfristen er **15. juni**.

**Merk at:** Kravet for oppstart av 30 studiepoengsoppgåve er at studenten må ha bestått minimum 80 studiepoeng i samsvar med godkjent utdanningsplan innan 15. Juni. For 60 studiepoengsoppgåve må studenten ha bestått minimum 50 studiepoeng i samsvar med godkjent utdanningsplan innan 15. januar.

Saman med ein slik søknad, må det også vedleggast eit dokument med følgjande:

- Årsak for ønske om endring av periode
- Bekreftelse frå fagleg ansvarleg
- Tema/tittel for oppgåva

### Fristar for oppgåveskriving utanom ordinær periode

Oppgåve på 30 studiepoeng:

- **Innan 15. juni:** Søknadsfrist
- **Innan 20. juni:** registrer oppgåve i samarbeidsportalen
- **1. august:** oppstart av oppgåveskriving

Vedtatt av dekan, Øystein Lund Bø,  
Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet  
15. september 2023

- **1. november:** frist for å trekke seg frå oppgåva
- **15. desember:** innleveringsfrist

Oppgåve på 60 studiepoeng:

- **Innan 15. januar:** Søknadsfrist
- **15. mars:** oppstart av oppgåveskriving
- **6. oktober:** frist for å trekke seg frå oppgåva
- **15. desember:** innleveringsfrist